



ÅRSMELDING 2018



VÅGÅ
KOMMUNE

Ordføraren kommentar

Eit år som gjev framtidstru

Vågå kommune har lagt bak seg eit år med høg aktivitet. Vi kan glede oss over alt som blir utført av frivillig lag og organisasjonar som bidreg til aktivitet og nye tilbod som kjem alle innbyggjarane i eiga bygd og nabobygdene til gode. Vi har arrangement som det går gjetord om heilt til traktor kjørarane oppi nord.

Å i Næringslivet skjer det også mykje positivt som kjem alle innbyggjarane i Vågå til gode.

Det opplevast stor positivitet innan næringslivet i Vågå, der vilja til investering og nytenking er stor og fleire enn tidlegare er så interessante at dei blir fanga opp av det nasjonale verkemiddelapparatet. Den største veksten ser vi innanfor bygg og anlegg,

Godt går dei 3 gasellebedriftene som blei offentleggjorde dette året. Ei anna sterke bransje i Vågå er reiselivet som ynskjer å utvikla seg med stort fokus på berekraft, oppleveling og gastronomi.

Å da kan ein bli vågeistra over alt som skjer i næringslivet. 2018 har vore eit svært aktivt år. Nokre av dei som har vore med å skapt auka aktivitet tilet eg meg å trekka fram. Kiwi starta ei stor utbygging av sin butikken. Midt i sentrum har vi fått ny frisørsalong Studio M og mykje spennande skjer i Andre Etasje som vil gje oss lokalt og tilreisande eit heilt nytt opplevings tilbod.

Ottadalen anlegg jobbar dag og natt med Noregs største kraftutbygging i Nedre- Otta. Næringshallen som Vågå kommune bygd på Lalm som fekk namnet Bårstadhallen vart fylt av næringsaktivitet og pr. 2018 er lokala fullt utleigd.

Må vi byggje på hallen?

Større aktivitet i næringslivet viser seg mellom anna i at Vågå kommune fekk ei skatteauke på 2,4 mill. for 2018.

Vi har sidan 2012 hatt ei kontinuerlig utbygging av fiber. Det har aldri tidlegare vore bygd ut i eit slikt tempo som vi no ser. Nå ligg stordelen av kommunen inne i ei utbyggingsplan. Det tek tid å få bygd ut alt og det er ikkje alt vi får statleg støtte for å bygge ut. Da er det viktig at kommunen har midlar å bruk på ei så viktig utbygging for framtida. På denne måten kan vi ha sted uavhengige arbeidsplassar i Vågå. Fiber er ein like viktig infrastruktur som strøm, vatn og avløp, og veg er i vår tid.

Mykje er positivt, men vi kjem ikkje forbi at dei store sentraliseringsendringane i samfunnet også påverkar Vågå kommune. Vi får stadig mindre overført til å løyse kommunale oppgåver. Regjeringa forklarer dette med at kommunane ikkje får därlegare råd, kommunane må berre vere smartare og løyse oppgåvene på ein meir effektiv måte. Vi som lev i det i det daglege, veit at dette i seg sjølv ikkje let seg gjere over tid, det finst ei smerte grense.

Fleire oppgåver på færre ressursar.

Eg vil lovprise alle tilsette som i det daglege står på for å løyser oppgåver under stort arbeidspress.

Likevel må vi innsjå at vi har ei utfordring i at for mange fløtt ut og ikkje kjem attende. Vi på lik linje med resten av fylket har folketals nedgang. Vi har sett i verk konkret politisk tiltak på regionalt nivå gjennom prosjektet Kom til Oss. Det er for tidleg å seia noko om kva resultat dette vil gje, men det vi

veit er at mange har kontakta oss med ynskje om å busetja seg i Vågå kommune. Samtidig med dette må vi halda oppe fokus på kva som skal til for at folk vel å bli buande i kommunen vår. Folk må ha arbeid og ein plass å bu om dei skal ha eit reelt val om å busetja seg i «vårt Vågå».

Det har vore eit år med utfordringar for Vågå, og eg vil takke alle innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar i Vågå som har handtert dette på ein framifrå måte.

Eg vil også rette ein stor takk til politikarane som har vore med og fatta mange viktige politiske vedtak gjennom gode debatter, og administrasjonen som har følgt opp våre politiske vedtak. Takk for godt samarbeid i 2018.

Iselin Vistekleiven
Ordførar Vågå kommune

Kommunestyret



Iselin Vistekleiven
(AP)
Ordførar



Egil Barhaugen
(AP)



Sverre Braaten
(AP)



Frode Sandum
(AP)



Anne Grethe Furuheim
(AP)



Ingrid Turtum
(AP)



Tor-Ivar Furuset
(AP)



Mette Vårdal
(SP)



Anders Gustav Bjørnsen
(SP)



Turid Grimsbø Snerle
(SP)



Ole Jacob Holen
(SP)



Ove Turtum
(SP)



Steinar Ola Håkenstad
(SP)



Svein Blankenborg
(BL)
Varaordførar



Steinar Aasgaard
(BL)



Harald Sve Bjørndal
(BL)



Anne Sjetne
(SV)

Rådmannen si vurdering

2018 har på mange måtar vore eit spanande år for rådmannen og resten av administrasjonen. Omstilling og tilpassing av drifta til ein bærekraftig organisasjon slo for alvor innover oss. Vi hadde eit godt utgangspunkt ,med ein tydeleg plan og ei god forankring i kommunestyret. Likevel fekk dei tilsette kjenne på at det er langt lettare å drifta ei kommune i medgangstider enn i motgangstider. Nødvendige kutt for å tilpasse aktivitetsnivået har vore krevjande. I tillegg har kommunen slite med å rekruttere kvalifisert personell til nøkkelstillingar.

Samla sett er rådmannen likevel nøgd med nøkkeltal og årsresultat for kommunen i 2018, men det er viktig å peike på at dette i hovudsak skuldast auka inntekter utover det som vart budsjettert. Sjølvé drifta av kommunen har gått med underskot, og det blir særsviktig at ein held tak i nødvendig omstilling og planar fram i 2019 for å tilpasse aktivitetsnivå til tildelte ramar. Rådmannen vil takke tenesteområda for god budsjettdisiplin, dei har så langt det har vore råd gjennomført innsparingar der det har vore mogleg.

Omstillingane innan Helse- og mestring har vore sentralt for organisasjonen i heile 2018. Vi har gjennom året teke eit steg til sida i Helse- og omsorgs prosjektet for å kvalitetssikre arbeidet som har vore gjort, og for å sikre ei god nok politisk forankring og involvering. Prosjektet omhandlar faglege retningsendringar som tenestene må ha i åra som kjem. Samhandling på tvers over sektorane for å utnytte våre ressursar effektivt er nødvendig.

Vågå kommune er i prosess med omstilling for å møte framtidas utfordringar både økonomisk, nye ansvar og oppgåver etter samhandlingsreforma ,og ei endra demografi. Vi må evne å ha to tankar i hovudet samstundes; arbeide for auka tilflytting og til rettelegge for den faktiske befolkninga vi har til ein kvar tid har.

Organisasjonen har og vore deltakar i pilotprosjektet «attraktive arbeidsgjevarar», som har gjeve dei tilsette auka fagleg kompetanse og innsikt i nødvendige strukturendringar i framtida sine tenester i kommunen.

Det å legge til rette for ei omsorgstrapp tilpassa framtida har ført til engasjement frå innbyggjarane i kommunen. Rådmannen sin plan om å endre formål frå bufellesskap for utviklingshemma til bukollektiv for eldre, meiner vi er riktig og nødvendig for kommunen. Det som rådmannen ikkje er nøgd med ,er at vi ikkje på ein god nok måte har lukka avvik innan tenester for funksjonshemma. Dette arbeidet må og prioriterast i 2019.

Rådmannen har gjennom året gjeve råd og fått klåre signal attende frå kommunestyre, om å arbeide målretta for å vidareutvikle det regionale samarbeidet . Vi har gjennom heile 2018 prøvd å vidareutvikle samarbeidet spesielt med Sel kommune. Målet i det vidare arbeidet er å etablere samarbeid som gjev reelle vinster for dei som deltek. Her må ein vere merksam på at alle ikkje vinn første premie samstundes.


Dei friviljuge i Vågå er i ei særstilling. Dei bidreg på dei fleste områda i kommunen og fortener ein stor takk for sin innsats.

Dei tilsette har gjennom 2018 gjort eit framifrå arbeid. Dei har synt lojalitet i omstellingsarbeid og vore deltakande i drifta av kommunen på ein konstruktiv måte. Rådmannen vil nytte høve til å takke tilsette, dei tillitsvalde og verneombod i alle ledd for eit godt samarbeid i 2018.

Rådmannen ønskjer og å takke kommunestyre og andre politiske utval for eit godt og konstruktivt arbeidsår i 2018.

Jan Egil Fossmo
Rådmann

Organisasjonskart



Om Vågå kommune

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

Administrasjon og leiing

Den administrative leiinga består etter organisasjonskartet av rådmann, 3 kommunalsjefar, økonomisjef og 14 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar. I store delar av 2018 fungerte rådmannen også som kommunalsjef for barnehage/utdanning og helse/mestring etter som det ikkje lukkast å få tilsett i stillingane. Økonomisjefen er ein del av rådmannens leiargruppe.

Medarbeidarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

Utvikling i talet på tilsette i perioden 2016-2018

Kommunen samla	2016	2017	2018
Tilsette faste, vikariat, lærlingar – ikkje timelønte 31/12	393	399	390
Endring i årsverk, pr. 31/12	311	319,09	304,1
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	79,3	79,9	78
Administrative stillingar (kostra funksjon 120 og 290)			
Tilsette	25	25	24
Årsverk	18,16	18,5	17,9

At talet på tilsette har gått ned skuldast noko nedbemanning, men også at det ved utgangen av året var fleire på timeløn jf. reduksjon i talet på «tilsette» innan Vågåheimen, heimebaserte tenester/miljøterapiteneste (sjå tabell under for 2018).

Likestilling/Likeløn

Av 390 tilsette er det 307 kvinner. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyrke enn i dag. Det har så langt ikkje lukkast få fleire menn inn i barnehagen.

I toppleiargruppe er det 4 menn ved utgangen av 2018. På tenesteleiarnivå er det 7 kvinner og 7 menn.

Tabellen viser fordeling mellom kvinner og menn på ulike tenesteområde.

2017		Kvinner	Menn
I alt	399	321	78
Rådmannsnivå/stab/tildeling mfl	6	3	3
Fellestenester inkl lærlingar	17	11	6
Skule/barnehage	113	92	21
Kultur og næring	21	12	9
Vågåheimen, Heimebaserte	159	153	6
Helsenester	22	21	1
Landbruk	8	1	7
Teknisk	46	24	22
Skatt/arbeidsgjevarkontroll/NAV	7	6	1

2018		Kvinner	Menn
I alt	390	307	83
Rådmannsnivå/stab/tildeling mfl	9	6	3
Fellestenester	15	10	5
Skule/barnehage	114	95	19
Kultur og kulturbasert næring	18	9	9
Vågåheimen/heimebasert/Miljøterapitenesta	148	138	10
Helsenester	20	18	2
Landbruk	8	1	7
Teknisk	50	23	27
Skattoppkrevjar/arbeidsgjevarkontroll/NAV	8	7	1

Oversikt gjennomsnittleg årsløn (i 1000 kr med utgangspunkt i 100% stilling)

	2017			2018		
	kvinner	menn	Diff. i menns favør	kvinner	menn	Diff. i menns favør
Samla i organisasjon	443	498	12,4%	452	496	9,7%
Kap 3 og 5						
Adm. leiargruppe. inkl tenesteleiar og avd.leiar	607	718	18,2%	613	669	9,1%
Kap. 5.1	517	542	4,8%	537	566	5,4%
Kap. 4.						
Ufaglærte	377	362	-4,1%	373	371	-0,5%
Faglærte	405	404	-0,2%	415	437	5,3%
3 årig Høgskule/lærar	459	469	2,1%	468	463	-0,8%
4 årig Høgskule/adjunkt	499	483	-3,3%	510	492	-3,6%

5 årig Høgskule/adjunkt m/tillegg	535	513	-4,3%	548	522	-4,9%
Lektor og master	520			556		
Lektor m/tillegg	536	528	-1,5%	576	547	-5,3%

Løn for tilsette i kap. 3 (leiargruppa) og kap. 5 blir fastsett etter lokale lønsforhandlingar kvart år. Løn for tilsette i kap. 4 (som gjeld dei flest tilsette) blir fastsett etter gjeldande hovudtariffavtale i kombinasjon med lokale forhandlingar når dei sentrale partane har sett av midlar til lokal pott. I kapittel 4 vil ulik løn i stor grad ha samanheng med ulik ansiennitet.

Heiltidskultur

Tal for 2018 viser at den gjennomsnittlege stillingsprosenten siste året har endra seg frå 79,9% til 78%. Kommunen har ved utgangen av 2018 fleire tilsette på timeløn enn på tilsvarende tidspunkt i 2017. Dette får innverknad på gjennomsnittleg stillingsprosent.

Det er pr. 31.12.18 - 236 personar i deltidsstillingar, og av dette er 179 fast tilsette. Det er p.t ikkje kartlagt forholdet mellom villig og ufrivillig deltid.

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 47% (49,1% i 2017) er i aldersgruppa 50 år+. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgssyrkene. Ved inngangen til 2019 er 63 tilsette innan helse og meistring 55 år+ av desse er 35 personar 60 år+. Tilsvarende tal for barnehage/skule er 32 personar av desse er 18 personar 60 år+.

Aldersgruppe	Antall
<20 år	2
20-29	27
30-39	64
40-49	104
50-59	114
60-64	65
65+	13

Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2019 har kommunen 6 tilsette/tidlegare tilsette i alderen 62-64 som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Vågå kommune har inngått ei samarbeidsavtale med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen om oppfølging og administrering av lærekontraktar. Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2018 seks lærlingar.

Lærlingane er fordelte slik:


Område	Antall	Plassering
Barne/ungdomsarbeidarfaget:	2	skule/barnehage
Helsearbeidarfaget:	2	helse og omsorg
IKT:	2	ungdomsskulen

Sjukefråvær/nærværarsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å ha fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakrar og tilrettelegging for at restarbeidsevne kan nyttast. Jamlege statistikk viser utvikling/endring på den enkelte tenestested. I 2016 oppretta Vågå kommune ei nærværarsgruppe som mellom anna har ei målsetting om å betre samarbeid og dialog med legane og «psykisk helseteam» i oppfølging av sjukemelde. Arbeidsgjevar har møte med legane ca. fire gongar pr. år.

Lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2018 var på totalt 7,8% (7,7% i 2017). I 2016 var fråværet på 6,0%. Eigenmeld fråvær utgjer 1,5% av det totale fråværet og dette er nokolunde stabilt. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%. Dei store einingane innan «helse og meistring» ligg på 12-13%, mot rundt 9,0% i 2016.

Samanlikna med tidlegare år (2008-2018) for lege- og eigenmeld fråvær:



Etiske retningslinjer

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinene er meint å vere eit hjelpemiddel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte. Retningslinene skal reviderast i løpet av 2019.

Internkontroll

Vågå kommune arbeider kontinuerlig med kvalitetarbeid og internkontroll. Vi nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Målet er å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. «Helse og meistring», samt brannvesenet har lagt inn mykje dokumentasjon i systemet, men mykje arbeid står att på dei andre einingane og må prioriterast framover.

Type	2018	2017	2016
HMS-avvik	40	18	22

Organisasjon/internt	34	28	24
Teneste/brukar	245	176	137
Totalt	319	222	183

I all hovudsak er avvika melde innan helse og omsorg.

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga, HTV-gruppa og hovudverneombod til uformelle møte. HTV-gruppa og hovudverneombod blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som betyr noko for dei tilsette. Hovudverneombod er kjøpt fri 20%.

Område stab/støtte

Område omfattar tenestene Fellestenester, Tildelingskontor og Nærings. Politiske styringsorgan blir og ført her.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Økonomi – som vedteke i skjema 1 B	19.359.000	18.692.841	-3,4%

Fellestenester

Namn på leiar: Arne Heier

Talet på årsverk: 10 - inkludert økonomisjef, prosjektstilling eigedomsskatt og 1 årsverk som utfører tenester for Landbrukskontoret (30%), teknisk (50%) og brannvesen (20%)

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	-1,2%

Økonomi

Rekneskapen og budsjettet er i balanse med eit mindreforbruk på kr. 87'. Det er meirforbruk på einskilde konti medan andre da har mindreforbruk. Den største og mest utfordrande ikkje-budsjetterte utgifta var overgangen til leige av Microsoftlisensar med godt over kr. 300'. Utgifter som vil vere årlege. Til tross for dette er tenesta i økonomisk balanse.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Tenesta vart i 2018 prega av rådmannsskiftet og at det ikkje lukkast å få tilsett nye kommunalsjefar. Dette til tross for fleire utlysingar. Det at leiinga ikkje kom på plass førte til at fleire av dei tilsette i fellestenesta fekk tilleggsoppgåver utan at det førte til auka bemanning. Arbeidsbelastninga har difor vore høg over tid med tilhøyrande slitasje.

Fellestenesta, som eiga eining på organisasjonskartet, vart frå hausten-18 avvikla og organisert i stab-/støtte rett under rådmannen i lag med økonomisjef og næringskoordinator.

Ved servicetorget vart det i løpet av vårhalvåret to færre å dele arbeidsoppgåvene på. Dette har vore merkbart, men dei tilsette har strekt seg langt for å opprethalde god service. Attendumdelingar tyder på at dei som kjem inn på kommunehuset føler seg velkomne og sett. Arbeidsoppgåver som har blitt «flytta ut» frå servicekontoret er bustøtte (NAV), skuleskyssen (skulen) og fakturafordeling (rekneskapsavd). Arkivansvarleg/politisk sekretær har fått auka arbeidsmengde opp mot rådmannsnivået.

Informasjonsmedarbeidar er med i det lokale brannvesenet og vart frå våren-18 mellombels varabrannsjef i 20% stilling i påvente av mogleg samarbeid med nabobrannvesen.

Innan IKT vart det frå juni-18 oppretta eigen driftseining knytt til Regiondata. Dei overtok etter ATEA ansvaret for serverparken og drifta for 6K. Våre lokale IT-medarbeidrarar er med i vaktordning i 6K for å løyse daglege driftsproblem i tillegg til dei ordinære arbeidsoppgåvene

Økonomi/rekneskap/løn har hatt fokus på å digitalisere sine rutinar (mindre utskrifter av rapporter m.m.) og bruk av eksterne forsystem. Stadig fleire leverandører leverer elektroniske fakturaer. Frå statleg hald ser ein at meir og meir blir digitalisert og kanalisiert via Altinn t.d. digitale sjukmeldingar. Ved inngangen til 2019 vart dette utvida med digitale inntektsmeldingar frå lønssystemet (HRM). HRM er no utvikla slik at det ved hjelp av digitale rapportar via Altinn blir kommunisert med bl.a NAV. Skatteoppkrevjarkontoret overtok seinhausten innfordringsoppgåvene for Vågå og Sel. Kommunen har inngått avtale om bruk av Procasso innfordringsprogramvare, men i ein overgangsfase (2019) må også EIK nyttast.

Framtidige utfordringar

Bemanning innan fagfelta som ligg til stab/støttetenestene blir utfordrande. Tenestene er sersårbare for fråvær på nesten alle område fordi det stort sett er ein person med kompetanse på kvart fagområde. Digitalisering fører til forenkling, men fører samstundes til nye/andre arbeidsoppgåver. Ein føresetnad for gode resultat av automatiske arbeidsprosessar er at grunnlagsinformasjon må vere god/eintydig. Det blir viktig å ta i bruk dei digitale løysingane som er tilgjengelege for programvarene vi bruker i tida som kjem.

Det er ikkje realistisk å sjå for seg bruk av tilsette frå støttefunksjonar inn i rådmannsleiringa i like stor grad, som det er ved inngangen til 2019, utan at de blir gjort noko med bemanninga. To tilsette med lang fartstid sluttar i løpet av året (IKT og personal).

Samarbeid innan stab/støttefunksjonar med Sel er under utgreiing og ein reknar med avklaring i løpet av våren. Ved vedtak om samarbeid vil det kome ein periode med klargjering og tilrettelegging som vil bli krevjande når også daglege arbeidsoppgåver skal utførast.

Etter planen skal det gjennomførast retaksering mtp grunnlag for eigedomsskatt, ei tidkrevjande oppgåve. Ei prosjektstilling er knytt til dette arbeidet.

Nytt sak- og arkivsystem for alle norddalskommunane skal på plass. Dette vil bli lagt ut for anbod i løpet av våren 2019 mtp oppstart frå 01.01.20.

I løpet av 2019 skal det gjennomførast omlegging av serverparken slik at alle brukarar kjem over på ny dataplattform. Brukarane skal da oppleve eit hurtigare og meir stabilt system. Det blir også eit meir moderne brukargrensесnitt.

Kommuneval 2019 med fleire nye folkevalde vil krevje at administrasjonen legg til rette for opplæring, gode prosessar og involvering.

Tildelingskontor

Namn på leiar: Jan Egil Fossmo

Talet på årsverk: 1,4 årsverk i 2018

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	46,3%

Økonomi

Tildelingskontoret hadde vakant 40% stilling i store deler av året.

Det var stort behov for korttidsplasser i deler av 2018, som medførte at vi måtte kjøpe plasser i andre kommunar. Vågå kommune kjøpte plasser frå Lom kommune og Skjåk kommune, i tillegg til bruk av intermediære senger ved NGLMS Otta.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Det er registrert 197 liggedøgn i andre kommuner i 2018, mot 29 liggedøgn for 2017. Presset på korttidsplasser varierer og er avhengig av fleire faktorar. Drift og bemanning ved dagens korttidsavdeling i Vågå er med å påvirke vårt behov for kjøp av plasser i andre kommuner.

Kommunestyrene i Vågå og Sel kommune vedtok i 2018 ei intensjonavtale om samarbeid, som mellom anna omfattar etablering av felles Tildelingskontor. Prosessen med å utarbeide felles tildelingskriterier og grunnlag for samarbeid vart påbegynt hausten 2018 og er forventa å bli ferdigstilt innan våren 2019.

Framtidige utfordringar

Vågå kommune har behov for fleire korttidsplasser. Dagens korttidsavdeling har 5 plasser og er drifta av heimetenesta. Det er dyrt å drifte ei såpass liten avdeling og bemanningen ved korttidsavdelinga har vore låg. Det vil si at pasientar med omfattande bistandsbehov og andre medisinske omsyn ikkje kan få tilbod om opphold ved denne avdelinga. Samtidig har vi hatt vellykka pasientforløp ved korttidsavdelinga der vi får til godt tverrfaglig samarbeid mellom heimetenesta, fysioterapeut og ergoterapeut.

Næring

Namn på leiar: Live Brimi

Talet på årsverk: 1

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	20,0%

Økonomi

Noko meirforbruk på økonomi på grunn av fleire arrangement enn planlagt i budsjettet.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Det vart i 2018 gjennomført næringspub saman med Lom kommune ein gong per månad. Dette er med å byggjer opp eit nettverk i næringslivet. Det vart arrangert to innovasjonsdagar saman med Innovasjon Norge der Innovasjon Norge hadde utekontor i Vågå. På desse dagane hadde til saman 14 bedrifter møte med Innovasjon Norge. Saman med Innovasjon Norge var det og arrangert «frå ide til marknad» kurs med 8 deltagande gründerar.

Det har heile året vore jobba mykje i massivtre prosjektet for å vurdere moglegheitene for å etablere produksjon av massivtre-element i Ottadalen. Og frå august 2018 vart næringskoordinator utleid på 60% til prosjektet.

Det vart gjennomført ditt lokalsamfunn i både 5 og 6 klasse på Lalm og Vågåmo skule for å kome ajour. I tillegg til aktivitet mot elevbedrifter med avsluttande kokkekamp i Vågåhallen.

Framtidige utfordringar

Vågå kommune må ha ei offensiv satsing saman med regionkontoret på tilflytting for å endre den negative nettotilflyttinga som Vågå Kommune opplevde i 2018. Vågå Kommune har og ei utfordring med ledige næringstomtar, da det ikkje finst ledige areal.

Område Helse og omsorg

Område omfattar tenestene Vågåheimen, Helsetenester, Tenester for funksjonshemma og Heimesjukepleia.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Økonomi – som vedteke i skjema 1 B	90.605.000	91.785.053	1,3%

Vågåheimen

Namn på leiar: Marianne Stadeløkken

Talet på årsverk: 47,77

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-0,4%
Sjukefråvær	7%	13,3%

Økonomi

Vågåheimen hadde i fjar eit mindreforbruk på kr. 0,1 mill., etter at det vart tilført kr. 0,4 mill. på lønn og kr. 0,6 mill. på vikar.

Spesielle hendingar

Vi begynte med ny turnus 3. september. Er nå tredje kvar helg på alle. Dette utløyer en del engasjementstillingar. Vi bruker skuleelevar i stillingane.

Innførte varm lunsj for pasientane og seinare middag.

Slutta med seinvakter på kjøkkenet.

Framtidige utfordringar

Rigge seg for framtida med tanke på mindre pengar og «rutte» med.

Organisering. Samlokalisering. Samarbeid.

Jobbe med sjukefråvær. Få det ned.

Få til at Vågå kommune blir en attraktiv kommune og jobbe i.

Helsetenester

Namn på leiar: Liv Olasveen

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-2,2%
Sjukefråvær	7%	5,8%

Vågå Helsetenester legg til rette for: legeteneste, helsestasjonsteneste, psykisk teneste, fysioterapi , ergoterapiteneste og logopedteneste. Alle desse tenestene yter eit godt førebyggjande og godt helsetilbod for alle kommunens innbyggjarar, uansett alder.

Leiar har ikkje avdelingsleiar eller merkantil dette skaper stort arbeidspress. Vi har ynskje om å få på plass merkantil som kunne bistå alle tenester ved behov.

Felles utfordring i åra som kjem er rekruttering. Vi har i dag ei teneste med mykje kompetanse og robuste medarbeidrarar. Vi har lite sjukefråvær og stabil arbeidsstokk.

Felles for alle tenestene: Fleire oppgåver som før låg på spesialisthelsetenesta, blir nå vidareført ut til kommunane. Det krev ofte meir ressursar for å oppretthalde godt tenestetilbod. Det fylgjer ikkje med meir pengar. Dette er ei utfordring for små kommunar som Vågå. Det er vanskeleg å oppretthalde same helsetilbodet som vi har hatt tidlegare.

Helsetenester - Legetenesta

Vi er heldige som har stabil legedekning. 4 fastleger, og 1 turnuslege. På landsbasis er det utfordring å rekruttere fastleger. Mange kommunar må sette inn vikarar som gjev stor ustabilitet for pasientane, og gjev store økonomiske utfordringar for kommunen. Alle våre legar har teke vidareutdanning og er snart godkjent som spesialister i allmennmedisin, dette er nå eit krav til alle legar. Vi skifta journalsystem i april i 2018. Legane har i tillegg til pasientretta verksemد ansvar for tilsyn på Vågåheimen og skule- helsestasjonsteneste. Samfunnsmedisinske oppgåver, delta i interkommunal legevakt.

Vi har 4 heile stillingar hjelpepersonell. Sårbart da vi ikkje har vikar når det er fråvær. Det blir til tider for stort arbeidspress på dei som er på arbeid. Dette betyr også at ved fråvær vil det bli lengre ventetid på telefon og andre henvendingar til helsesenteret, noko vi ikkje ynskjer.

Vi har for lang ventetid på time hjå fastlegen. Vi har god beredskap for å ta imot akutte hendingar kvar dag.

Helsetenester - Psykisk helseteneste

I 2018 var totalt 117 pasientar i behandling i Psykisk helse, av desse 75 kvinner og 42 menn.

Aldersfordeling: 17 – 89 år, med hovudtyngde på aldersgruppa 31 – 66 år

Miljøterapeutstilling på helsestasjon blei fjerna i 2018. Dette var ei stilling som var viktig i høve til ungdom og vi hadde god nytte av samarbeidet. I sum betyr dette at tilbodet innan psykisk helse og rusarbeid ble svekka.

Dagtilbod/Aktivitetstilbod: 25 personar delteke på ulike tilbod: Trening Vågå hotell, Turgruppe, Aktivitetsdag Solhaug, Aktivitetsdag Frivilligentralen og Gammelstuggu samt individuelle tilbod. I grupper arbeider vi med motivasjon og mestring, sosial trening, og fysisk aktivitet.

Mental Helse Vågå Lom Skjåk (brukarorganisasjon): Aktiviteten i Mental helse Vågå, Lom og Skjåk, har vore låg.

Verdensdagen for psykisk helse: Tema 2018: «Vær raus!».

Flyktingar: Vi informerer om psykisk helse som del av introduksjonsprogrammet saman med helsesøster.

Helsetenester - Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Spesielle hendingar:

Etter søknad om midlar for å styrke og utvikle tenesta vår fekk vi innvilga 275 000,- frå helsedirektoratet til dette føremålet. Tenesta vart redusert med ei 100 % stilling; miljøterapeutstillinga. Reduksjonen trådde i kraft hausten 2018.

BUP avslutta vegleiingstilbodet til kommunen.

Det vurderast å omorganisere jordmortenesta og jordmorvakt.

Utfordringar nå og framover:

Grunna reduksjon i stilling i tenesta har dette ført med seg venteliste i skulehelsetenesta. Dette er barn som er «tilvist» av lærarar, føresette og samarbeidspartnare/instansar eller som tek kontakt med tenesta sjølve. Barn, unge og familiar som miljøterapeuten fylgte opp har helsejukepleiar ansvaret for å fylgje opp vidare.

Grunna manglande oppbygging av fyrstelinetenesta med tanke på barn og unges psykiske helse og redusert kapasitet, er utfordringa nå og framover:

- å kunne tilby eit godt nok tilbod i førehald til barn og unge som har lette og moderate psykiske vanskar.

Grunna kutt i miljøterapeutstillinga har ikkje kommunen lenger tilbod om foreldrevegleiinga PMTO.

Kommunen har, igjennom ein intensjonsavtale med Sel kommune, bestemt at det skal samarbeidast om felles korttidsplassar på LMS Otta. Derav også bruk av fysio- og ergoterapi ressursar frå Vågå kommune. Fysioterapeut i med særskilt ansvar for barn og unge er ein del av Vågå kommune si samla kommunale fysioterapiteneste. Det er framleis usikkert om det er fysioterapistillinga knytt til helsestasjon- og skulehelsetenesta som vil nyttast ved dei aktuelle korttidsplassane.

Usikkerheit kring den samla bemanningssituasjonen i helsestasjon- og skulehelsetenesta, er ei stor belastning for tenesta.

Helsetenester - Ergoterapitenesta

Tenesta gjev tilbod til heimebuande eldre, helsestasjon, skulehelsetenesta, bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming og Vågåheimen og korttidsavdeling.

Fokusområde/hovudarbeidsoppgåver

Ergoterapeuten arbeider med brukarar som har aktivitetsvanskar i det daglege liv.
Formidling og tilpassing av hjelpemiddel og trening av daglegdagse aktivitetar.
Kvardagsrehabilitering.

Hendingar i 2018

Utprovning av GPS klokke.

Det vart utleverert 710 hjelpemidlar til ein samla verdi på kr. 1,7 mill.

Framtidige utfordringar

Det er meir komplekse og langvarige sjukdomsbilete. Det er meir fokus på velferdsteknologiske løysingar for at pasientar kan bu heime lenger.

Helsetenester - Fysioterapi: 60% kommunalt og 140% privatpraksis

Privat praksis: Totalt 49 personar har fått behandling, derav 54,8% heimebehandling.

Ikkje venteliste.

60% kommunal fysioterapi: 21,6 timer i veka. Derav 10 timer pr. veke avsett til pasientbehandling på Vågåheimen og korttidsavdeling i kjeller på Vågåheimen.

Hovudarbeidsoppgåvene har vore rehabilitering/opptrening av pasientar på institusjon og kvardagsrehabilitering i pasienten sin heim. Under rehabilitering/opptrening av pasientar på Vågåheimen/korttidsavdelinga, har vi hatt særleg fokus på å hjelpe pasientar til å kunne flytte heim til eigen bustad. Under kvardagsrehabilitering har vi hatt fokus på å hjelpe innbyggjarar/brukarar til å meistre kvardagsaktivitetar og til å hjelpe folk til å bu lenger heime.

Spesielle hendingar i 2018: Vi har kome i gang med kvardagsrehabilitering. Korttidsavdelinga i kjellar på Vågåheimen har vore stengt i periodar. Det har tidvis vore utfordringar med å få tilstrekkeleg medisinsk informasjon, knytt til pasientbehandling, frå samarbeidspartar.

Framtidige utfordringar: Korttidsavdelinga i kjellar på Vågåheimen er stengt, og vil bli flytta til LMS på Otta. Vi veit ikkje sikkert når LMS vil opne korttidsplassar for Vågå sine innbyggjarar. Vi er informert om at vi truleg skal bidra med fysioterapiressursar ved korttidsavdelinga ved LMS, men veit førebels svært lite om dette. Vi trur det blir utfordrande å ha arbeidsplass både i Vågå og på Otta. Vi er òg informert om at vi må bytte journalsystem i nær framtid. Det har vist seg å vere vanskeleg å finne eit egena journalsystem.

Helsetenester - Vågåtrimmen – fysioterapeut/manuellterapeut: 200% privat praksis

Totalt 337 personar har fått behandling, i alt 7360 behandlinger.

Utfordringar: konstant høg pågang.

På grunn av sjukdom på starten av året av terapeut : lengre ventetid. Totalt har ventetida variert mellom 8 veker og 3 månader.

Godt samarbeid med legane, noko som er viktig for behandlinga.

Nytt frå 2018 er at alle pasientar nå har direkte tilgang til fysioterapeutar, treng ikkje tilvising frå lege. Pågangen har vorte noko større etter dette.

Helsetenester - Logoped

2018 var eit år med ulike utfordringar innan erverva hjerneskader. Arbeidsområdet er stort, da Vågå kommune sel logopedtenester til andre kommunar i 6K når det er kapasitet til det. Det er vanskeleg å planleggje arbeidet langt framover i tid, da sjukdom rammar plutseleg, og pasientane må få tenesta dei treng så fort som mogleg.

Utfordringar framover

Brukarmedverknad for personer med afasi er viktig og vanskeleg. Får brukarar med afasi være med å ta avgjersler i sin egen rehabilitering? Finne nye måtar å støtte samtalen på, slik at pasienten kan inkluderast på ein betre måte i mål- og planarbeid.

Tenester for funksjonshemma

Namn på leiar: Ivar Vistekleiven

Talet på årsverk: 34,67

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	6,3%
Sjukefråvær	7%	11,8%

Økonomi

Auka lønsforbruk som eit resultat av auka sjukefråvær, samt noko frikjøp av personell for å lukke

avvik i tenesta. Leiinga vart styrka med ein avdelingsleiar i 100%, som eit grep for å ha auka fokus på styrke fagsystem i tenesta. Klart seg med redusert bemanning ved sjukefråvær, der det har vore mogleg. Redusert overtid og forskyvd arbeidstid.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Tenesta har i delar av året vore utan tenesteleiar. Omstillingsprosess dette året der leiinga vart forsterka med ein ekstra avdelingsleiar i 100%-stilling, samt at ny tenesteleiar kom på plass. Stor andel frikjøp av fagpersonell til å følgje opp og lukke avvik i tenesta. Tilsyn i oktober som viste at vi framleis har avvik som må lukkast. I etterkant av tilsynet fekk tenesta 50 % merkantil stilling på engasjement. Habiliteringstenesta kom inn for å bistå tenesta i det vidare arbeidet. Ein fagarbeidarstilling (80%) vart gjort om til høgskuleutdanna stilling (100%). To fagarbeidarstillingar (170%) vart gjort om til høgskuleutdanna stilling (100%).

Framtidige utfordringar

Ei utfordring er å få tenesta opp på eit fagleg høgare nivå samstundes som ein skal halde kostnadane nede. Tenesta treng å få styrka vernepleiargruppa, samstundes som det er ønskjeleg med anna kompetanse inn i tenesta (t.d. sjukepleiar, barnevernspedagog, barnehagelærar, aktivitør) for å løyse framtidige oppgåver. Utover det er det utfordrande å ha tilstrekkeleg med personell til ein kvar tid. Små stillingsbrøkar i tenesta gjer at ein ikkje er attraktiv.

Heimetenesta

Namn på leiar: Kitt Heidi Telebond

Talet på årsverk: 27,41

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	0,5%
Sjukefråvær	7%	11,1%

Økonomi

Rekneskapet for 2018 har eit meirforbruk på kr 105'.

Demenssjukepleiar fast 100% stilling mot tidligare 50%+engasjement på 30%. Lønsauke 20% stilling. Stabil teneste med to tilsette. Inntektsgrunnlaget vart redusert grunna mindre overføringer knytt til ressurskrevjande brukarar. Stigande sjukefråvær som gjer at det er behov for meir vikar, bruk av overtid. Dårlege pasientar som medførte at det var behov for meir bruk av ekstrahjelp, spesielt på helg det fylste ½ året. Det er vanskeleg å sette inn tiltak her da sjukdom er uforutsigbart og pasientane har rett til dei tenestane dei har fått tildelt.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Linjebrot hausten 2018 var ei stor utfordring for tenesta. Tryggleiksalarmane slutta å fungere, og pasientane fekk ikkje varsla når dei trengte hjelp.

Tenesta har fått på plass to naudnetradioar, og er pilotkommune på det.

Framtidige utfordringar

Spesielt utfordrande å få nok sjukepleiarar. Deltidsstillingar må ein prøve å unngå, om det ikkje er ut i frå eiga ynskje. Generelt utfordrande å få tilstrekkeleg antal personar til å kunne yte dei nødvendige tenestane, da flest mogleg ynskjer å vera lengst mogleg heime.

Uforutsigbarheit med antal alvorleg sjuke, tenesta vil strekke seg langt for at dei skal få bu heime.

Område Oppvekst, kultur og NAV

Område omfattar tenestene Kultur, barnehage, grunnskule og NAV kontor.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Økonomi – som vedteke i skjema 1 B	74.925.000	73.906.115	1,4%

Kultur

Namn på leiar: Stein Holen

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-20,2%
Sjukefråvær	4%	5%

Økonomi

Kulturkontoret: Innsparing om lag 100.000. Innsparing på kr 100.000 kjem av mindre forbruk + meir tilskot etter søknader. Total innsparing hele kulturavdelinga ca. 1.300.000 i 2018.

Prosjektleiarstillinga for Ullinsvin fekk kr. 0,3 mill. til medfinansiering frå Oppland fylkeskommune for 2018.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Kultur:

Vågå kommune var delarrangør av Ungdomsmusikalen 2018. Større besøk og meir inntekt på Vågå kino enn forventa. Samarbeidet med næringslivet og andre om «Jul i Vågå» vart svært bra.

Av arrangement, som vart arrangert av Vågå kommune og andre i Vågå i 2018 kan nemnast:
Hot-Pot, konsert m/Håvard Gimse, Jul i Storstugun, Romjulkonsert i Vågåkyrkja, Teater i Ullinsvin, aktivitetsdag i Dompen, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, Elvis goes to Church, Folkemusikktreffen, Vågå Filmklubb, konsertserie på Gammel-Kleppe, Jubileumskonsert med Lalm musikkforeining, 60-års jubileum Lalm og Sjårdalen samfunnshus, Rock`n Rein, Vågåtreffen med utdeling av kulturprisen, minnekonsert for Hjalmar Moen, Julekonsert med Vågå Sangkor, Handverk +, Randsverkmartna, Besseggløpet, Fotballskule, Traktor-rock, Diktardagar, Finnasus grendafestival, Dugursmøte med Ivar Kleiven, Kveldseto med Vågå historielag, Fjellfilmfestivalen, Tessand-dagane, Munch-guiding, Munch-meditasjon m.m.

Ullinsvin:

Masterplanen for Ullinsvin vart følgt opp med eigen prosjektleiar for Ullinsvin frå januar 2018. Fokus i 2018 har vore finansiering av nytt utstillingsbygg i Ullinsvin, utforming og innhald av bygget. Private gaver og tilskot frå ulike aktørar bidrog til å fullfinansiere bygget. Prosjektgruppa frå masterplanen for Ullinsvin har vore vidareført som referansegruppe og formannskapet har vore styringsgruppe. Det har vore tett dialog med brukarane av Ullinsvin. Stort fokus på å byggje opp Ullinsvin som besøksstad og arrangementsarena med Håndverk+, Munch-guiding, Cafe Edvard, konsertar, julemarknad, Barnas dag mm. Arbeidet med etablering av sanserom for barn og unge starta opp samt utarbeiding av visuell profil for Ullinsvin.

Munch i Vågå:

For 2. året på rad har Vågå kommune tilsett Munch-guidar i sumarsesongen. Cafe Edvard vart drifta i Ullinsvin av lokal næringsaktør. Den etablerte Munch-vandringa i sentrum har vorte oversett til

engelsk, samt at den eine lyddusjen vart flytta til eit meir synleg punkt. Munch-dag 20. juli med avduking av fyrste merkestolpen langs den historiske vandreruta. Det er tenkt at Munch-dagen skal bli eit årleg arrangement i Vågå for å setje fokus på Munch. Samarbeidsprosjektet Munch- Den nordlige rute har vorte vidareført frå forprosjekt til hovudprosjekt med 3-årig økonomisk støtte frå Innovasjon Norge for perioden 2018-2020.

Håndverk+

Arrangementet Håndverk+ vart arrangert for fyrste gong 7.-10. juni 2018 som eit delingsarrangement mellom fleire ulike aktørar frå privat næringsliv, lag, organisasjonar og Vågå kommune. Formålet med Håndverk+ er å skape større bevisstheit og interesse for handverk inn i framtida, og motivere til næring. Arrangementet inneheldt utstillingar, foredrag, debattar, stikk innom-kurs osb., og oppnådde mykje positiv merksemd.

Framtidige utfordringar

Kultur:

For kultur er det ei stor utfordring å skaffe gode konsertar til ein pris som vi kan greie. Kultur opplever også at det er vanskeleg å få publikum.
Vågå kommune (kultur) har ei viktig oppgåve med å støtte lag/foreiningar og friviljuge som ynskjer å ordne til arrangement i Vågå.

Ullinsvin:

- Finansiering av nødvendig innhald (effektbelysning, utstillingsveggar)
- Få på plass berekraftig driftsmodell

Munch i Vågå:

- Finansiering av historisk vandrerute Edvard Munch frå Gjende til Ullinsvin.
- Synleggjere og selje Munch-produkta i Vågå

Håndverk+

- Etablere formell organisasjon/avklare eigarskap Håndverk+ og driftsmodell

Kultur - Vågå kulturskule

Talet på årsverk: 3

Økonomi

Ca 50.000 i innsparing i følgje budsjett.

Reduksjon og omorganisering i bruk av lærarkapasitet. Rektor har mindre tid til administrasjon og fleire lærartimar.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Fekk incentivmidlar frå Norsk Kulturskuleråd som vi brukte til å invitere til dialog med barnehage, skule, vaksenopplæring og Frivilligsentral. Ut i frå dette har vi starta opp med undervisning i barnehagane og på vaksenopplæringa. Vi har og planlagt to-dagars prosjekt med ulike kunstfaglege verkstader på Vågå ungdomsskule, 8.årssteget, i mars 2019. Dersom dette blir vellukka, kan ein sjå for seg at dette kan bli ei årleg hending. Det toårige rettleiingsprosjektet initiert frå Norsk Kulturskuleråd er avslutta, med ei orientering for kommunestyret i juni. Arbeidet med skriving av kulturskuleplan og læreplanarbeid basert på den nye rammeplanen er godt i gang.

Samarbeidsmøter med nokre lag og foreiningar. Kulturskulen var veldig aktive før jul med heile 10 ulike arrangement for ulike målgrupper, mellom anna eigen konsert for barnehagane og eigen konsert for elevane i introduksjonsprogrammet, der publikum og fekk vere aktørar.

Framtidige utfordringar

Hus situasjonen er uforandrar og ein stor utfordring i det daglege arbeidet med undervisning. Det er og ei utfordring å halde fram med utviklingsarbeidet når rektor har så mykje undervisning på grunn av nedskjeringar. Vi skal gjere ferdig ein del planarbeid, noko som både er spanande, utfordrande og artig – samstundes som tida ikkje heilt strekk til.

Kultur - Flyktningtenesta

Talet på årsverk: 2 årskverk inkludert 50 % prosjektleiar

Økonomi

Mindreforbruk på ca. 460.000.

Mindre integreringstilskot. Mindre krav frå andre kommunar etter sekundærflytting.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Tross politiske føring om å ikkje ha busetting i mindre kommunar vart Vågå tildelt ei kvote på 11 personar i 2018.

Tenesta hadde prosjektstøtte til ei 50% stilling knytt til prosjektet «Flyktning som ressurs».

Vågå kommune hadde i 2018 stor sekundærflytting.

Framtidige utfordringar

Det er ei utfordring å behalde den relativt jamne og forutsigbare busettinga som kommunen har hatt gjennom 20 år.

Utfordring å ha husvære til familiar som treng fleire enn 2 soverom.

Å ha eit arbeidsretta introduksjonsprogram, som m.a. krev godt samarbeid med lokale arbeidsplassar, er ein av fleire føresetnader for å oppnå eit godt resultat. Målbare resultat i norsk og sysselsettingsgrad er sterkt vektlagt i dagens busettingspolitikk.

Kultur - Folkehelsekoordinator

Talet på årsverk: 40%

Økonomi

Innsparing: 90.000.

Innsparing kjem av frikjøp av folkehelsekoordinator til Oppland fylkeskommune (Fiskesprell).

Søkt om økonomisk støtte til ymse prosjekt.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Har brukta tilskuddsportalen.no mykje og har senda inn fleire søknader om økonomisk tilskot. Dette har gjeve gevinst.

Framtidige utfordringar

Folkehelsekoordinator driv med mykje forskjellige ting og må framover prioritere oppgåver.

Kultur - Ungdomsmedarbeidar

Talet på årsverk: 50% + 20% MOT

Økonomi

Mindreforbruk: 15.000.

Etter søknad så fekk Vågå kommune eit tilskot på kr 56.000 pr. år for åra 2018-2020 for å arbeide meir mot barn og unge.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Arbeidsoppgåver i 2018 har vore vanleg ungdomsarbeid, Vågå Ungdomsråd, Natteramnarbeid, MOT, Ungdomsklubb og UFO(Ungdomsfriftidsordning). Dårleg besøk på UFO og litt færre enn vanleg på klubb. Vi veit at dette svingar med årskulla, men UFO vil bli til vurdert om trenden med dårleg besøk fortsett. Nytt i 2018 var at Ungdomskonsulenten har vore nytta i barneskule og ungdomskule til oppfølging av elever med behov utanom vanleg klasseromsundervisning.

Framtidige utfordringar

Rusgruppa i Vågå har per i dag ikkje budsjett til å setja i verk tiltak utover dei timane medlemmane i gruppa set av til førebyggjande rusrarbeid. Rusgruppa bør ha eigen økonomi til kursverksamheit, leie foredragshaldarar med meir, samt at det bør vera rom for å avsetje midlar til konkrete prosjekt.

Trenden blant unge, også i Vågå, er at mange vert meir og meir inaktive på fritida. I 2019 vil Ungdomskonsulenten arbeide for at flest mogleg av dei unge får sjansa til å ta del i eit aktivt friluftsliv i nærområda. Gjennom eit årshjul med aktivitetar skal ungdomsgruppa kunne lære å beherske og bli glad i friluftsaktivitetar.

Kultur - Vaksenopplæringa

Talet på årsverk: 2,5

Økonomi

Innsparing på om lag kr. 0,5 mill.

Bemannning vart redusert med 1 årsverk i 2018. Leiar reduserte administrativ tid for å kunne bruke meir tid som lærar. Ca. kr. 0,2 mill. meir i integreringstilskot enn budsjettert.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

2018 var eit år på det jamne der vi supplerer norsk- og samfunnsfagstimane med skravlegruppe for svake elevar, dialekttime for at elevane skal bli betre kjende med Vågådialekta, og song- og musikktime med profesjonell lærar. Vi held også trafikalt grunnkurs ein gong i året for dei som tenker å ta førarkort.

Framtidige utfordringar

Den største utfordringa vi ser er usikkerheita knytt til om det kjem fleire flyktningar til Vågå. Vi har allereie bemanna ned med 100% stilling, og det siste året har det vore færre elevar ved VO enn på fleire år. Det er ein føresetnad for å gje opplæring etter lova at alle får tilpassa undervisning. Det betyr at vi strekker oss så langt vi kan for å ha tre grupper; frå nybegynnalar med lite skulebakgrunn, til dei som er i ferd med å bli språkleg sjølvstendige og som treng mengdetrenings for å få eit funksjonelt språk og tileigne seg god forståing for norsk kultur og samfunn.

Kultur - Vågå Frivilligsentral

Talet på årsverk: 1 årsverk

Økonomi

Meirforbruk på ca. 20.000. Mesteparten av dette overforbruket kjem av større kjøreutgifter ved matutkjøring.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

105 frivillige har lagt ned 5496 frivillige timer som er organisert gjennom frivilligsentralen. I tillegg er det 4840 frivillige timer på bruktboutikken Ting & Tøy.

Det er kjørt ut 4635 middager. Matkjørarane levere også ut strøsand til eldre og uføre.

Frivilligsentralen har fått hjartestartar. Det har vore livredningskurs for frivillige og livredningskurs for småbarnsforeldre. Samarbeid med Statens vegevesen om 65+ kurs, eit oppfriskningskurs for erfarte sjåførar.

Samarbeid med teneste for psykisk helse om «Verdensdagen for Psykisk helse»

Eldredagen i oktober vart i år markert på Frivilligsentralen med konsert med Reidar Svare, der Vågå Sanitetsforening stod for traktering.

Frivilligmiddag på Vågå Hotell i desember.

Framtidige utfordringar

Rekruttere nye frivillige ved behov. Arbeid med Frivillighetsplan for Vågå.

Kultur - Vågå bibliotek

Talet på årsverk: 1,5

Økonomi

Innsparing på ca. 50.000.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Sommarles-kampanje for barn, halloween spesial, N-Games, vinterles, lesesirkel, forfattarbesøk og barneteaterframsyning av kulturskulen. SFO samt skulebesøk 4. steg frå Lalm og Vågåmo skule for opplæring på biblioteket og litteraturformidling.

Framtidige utfordringar

Fortsetja samarbeidet med barnehagane, skule og SFO og dei andre aktivitetane som vart starta i 2018. Starte opp samarbeid med ungdomskulen.

Det er og planar om studiegrupper, diskusjonsgrupper og andre aktivitetar. Da vil Vågå bibliotek ha for små lokal og kunne tenkt seg å få teke i bruk lokala som Norddalsarkivet hadde før.

Tessand-, Lalm- og Søre Grindstugu barnehage.

Namn på leiar: Siv Kristin Paulsen og Jorunn Linderud

Talet på årsverk: 21,4 (hausten 2018)

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	2,9%
Sjukefråvær Søre Grindstugu barnehage	4%	8,3%
Sjukefråvær Lalm og Tessand barnehagar	4%	12%

Økonomi

Av eit total budsjett på 11.931.000 så hadde vi eit overforbruk på 485.000 i 2018. På tampen av året 2017 fekk vi fleire sakkunnige vedtak frå PPT, og vi fekk fleire barn som starta i barnehagen frå nyttår 2018. Alt dette krev ekstra bemanning som ikkje var lagt inn i budsjettet.

Dette vart det rapportert om. Elles er det utfordrande å legge eit budsjett før ein veit noko om

søkarar frå neste barnehageår da søknadsfrist for barnehageplass er 1.mars. Inntak av barn ved nyttår er ein godt tilbod for dei foreldre som ynskjer oppstart da, men er ikkje noko ein må gjere etter loven.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Barnehagen har fått ei bemannings- og pedagognorm på plass frå 1.august 2018. Dette gjev ikkje endringar for vår del da dette alltid har vore fylgt. Vi er med på prosjektet «Inkluderande skule- og barnehagemiljø» (UDIR) med fokus på tre områder; systematisk arbeid i personalgruppa, haldningsarbeid og foreldresamarbeid.

Vi har fått midlar frå Fylkesmannen til symjing/ vasstilvenning for alle våre 5-åringar.

På slutten av året vart det eigen tenesteleiar for Lalm barnehage, eit resultat etter Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehageeigar våren 2018.

Satsingsområde for barnehagane i 2018:

Våren: VAKSENROLLA MED FOKUS PÅ SOSIAL KOMPETANSE, det er god kvalitet i dette arbeidet når dei vaksne: lar barna medverke og er lydhøyre for barna sine initiativ, fremmer eit inkluderande leikemiljø, bygger «robuste» barn og er gode rollemodellar.

Hausten: FYSISK AKTIVITET, NATUR OG MILJØ, det er god kvalitet i dette arbeidet når dei vaksne: legg til rette for fysisk aktivitet, lar barna få oppleve og utforske naturen året rundt og fremmer forståing for berekraftig utvikling.

Framtidige utfordringar

Låge fødselstal over tid gjer at det er ei utfordring å få fylt opp barnehagane våre. Det er ikkje mange år sidan vi måtte legge ned Sjårdalen barnehage, og frå august 2018 vart også Tessand barnehage historie.

Vi har hittil klart oss utan å måtte si opp nokon da nokon har gått av med pensjon og andre har gått over i stillingar ved skulane. Dette skapar likevel usikkerheit blant dei tilsette, og våren er spanande for fleire før dei veit om dei beheld arbeidet sitt og kor stor stilling ein får.

Delegeringsreglementet må endrast med tanke på at tenesteleiar for barnehagane har eigar oppgåver. Tenesteleiar for Lalm har vore prosjektansvarleg i lag med ei frå Vågåmo skule på «inkluderande læringsmiljø» og har fagansvaret for lærlingane. Alt dette tek tid frå den tida ein skal vere til stades i barnehagen.

På grunn av færre barn og moderasjonsordningar, som er bestemt sentralt, så blir det mindre inntekter til kommunen gjennom foreldrebetaling.

Lalm skule

Namn på leiar: Øyvind Herland Berge

Talet på årsverk: 6.2

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	0,6%
Sjukefråvær	4%	6,8%

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Elevundersøkinga viser at elevane har uforandra interesse for læring frå haust 2017-vår 2019. (4,0-4,0 av 5,0.). Eit greitt resultat, men ønskjer framgang.

Elevundersøkinga viser at elevane trivst på skulen (4,0 av 5)

Ingen elever som svarer at dei ikkje trivst.

Framtidige utfordringar

- Skaffe kompetente vikarar ved behov
- Auke interessa for læring hjå elevane.
- Auke trivsel ved skulen.
- Fortsette med god tilpassa opplæring slik at andelen som nyttar seg av spesialundervisning blir mindre.

Vågåmo skule

Namn på leiar: Dag Nyøygard

Talet på årsverk: 35,6 årsverk

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-0,1%
Sjukefråvær	4%	6%

Økonomi

Grunna auka behov for spesialpedagogiske ressursar vart den økonomiske ramma til Vågåmo skule auka i løpet av året. Dette har òg samanheng med ein utfordrande budsjettprosess hausten 2017.

Endringa utgjer fylgjande:

- Personell overført frå heimetenesta: 88 000
- KS 66/18- styrka ramme spes.ped. : 1 098 000
- Øk.regl. 4.4.5.- fordelt lønsreserve: 227 000

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Det er utfordrande at det vert tilrådd spesialpedagogiske ressursar i løpet av skuleåret. Dette vert da timar det ikkje er teke høgde for i budsjettprosessen, og ein klarar ikkje å løyse ressursbehovet innan opprinneleg økonomisk ramme.

Det er viktig at ein sikrar såpass god grunnbemanning at elevar i «gråsone» for spesialundervisning, får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Hovudfokus dette skuleåret har vore å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø, samt at vi arbeider med å auke elevane sin motivasjon for læring.

Framtidige utfordringar

Romkapasiteten ved Vågåmo skule er sprengt, og dette er ekstra utfordrande når elevar skal nytte grupperom i samband med spesialundervisning.

Det vil til ei kvar tid vere behov for vikarar i skulen. Sjukefråvær, møteverksemnd og lærarar på kurs og vidareutdanning gjer sitt til at behovet til tider kan vere svært høgt. Vågåmo skule slit med å skaffe vikarar som kan stille på kort varsel, og det kan til tider vere store utfordringar med å få til ein tilfredsstillande skulekvardag.

Vidare ser vi at vi har eit stadig aukande behov for kompetanse til å møte psykiske utfordringar hjå elevane våre. Pr. dags dato har vi ikkje kapasitet eller kompetanse til å imøtekome desse utfordringane.

Vågå ungdomsskule

Namn på leiar: Arnt Odnes (fungerande rektor)

Talet på årsverk: januar-juli 2018: 19,8, august-desember 2018: 17,3

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-0,7%
Sjukefråvær	4%	4%

Økonomi

Vi enda opp med eit mindreforbruk på ca. kr. 0,1 mill.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Vi avslutta til sommaren 2018 vår deltaking i den statlege satsinga ungdomstrinn i utvikling. Vårt fokus var vurdering for læring. Dette har gjeve Vågå ungdomsskule eit godt løft når det gjeld skuleutviklingsarbeid. For å halde oppe det gode utviklingsarbeidet, er Vågå ungdomsskule med i eit nettbasert skuleutviklingsarbeid om vurdering for læring. Dette starta hausten 2018 og er styrt frå HINN.

Resultata på dei nasjonale prøvene hausten 2018 på 9. steget var gode. Elevundersøkinga for 10 steget, viser at vi stort sett har lite mobbing. Radiojentene våre hadde i samarbeid med NRK/HO, eit flott tv-innslag om inkludering i samband med tv-aksjonen i oktober. Dette vart og sendt i ein utvida versjon i Norge Rundt i november.

Framtidige utfordringar

Den viktigaste utfordringa vår er å ha gode nok økonomiske rammer for å kunne gje alle elevane våre ei opplæring tilpassa kvar enkelt sitt behov.

Ei anna utfordring er å få tak i folk som har den fagkompetansen skulen treng.

NAV

Namn på leiar: Magnhild Vole

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-8,7%

De langsigktige og overordnede føringene for NAV er:

- Flere i arbeid
- Bedre brukermøter
- Økt kompetanse

Økt kontakt og bistand til arbeidsgivere skal føre til bedre markedskompetanse, bidra til økt rekruttering og bedre inkludering i arbeidslivet. Tidleg og individuelt tilpassa oppfølging skal avklare bruker sin situasjon og behov for bistand for å komme i eller behalde arbeid og sikre bedre brukermøter. Kravene til aktivitet og mobilitet skal håndheves konsekvent.

Bruk av arbeidsrettede tiltak og hjelpebidrag skal gi best mulig effekt for inkludering og overgang til arbeid. Det ordinære arbeidslivet skal i større grad tas i bruk som tiltaksarena.

Resultata har vist at vi er godt i gang i forholdet til arbeidet mot desse måla.

Tal frå SSB for 2018 viser at Vågå kommune hadde ein nedgang i sosialhjelpsutbetalingane med litt over 1 mill NOK for 2018 mot 2017. I 2017 var summen 3,156 mill medan det for 2018 ser ut til vera 1,928 mill. Kva som er årsaken for dette er vanskeleg å si, men vi styrka bemanninga i 2018 med 0,5 årsverk på statleg side, og det kan vera noko av forklariga.

Vågå kommune har og møtt lovkravet med aktivitetsplikt gjennom sysselsettingsgruppa. Denne har vore etablert og i drift i kommunen i mange år, og dette er og ein viktig faktor i forhold til at vi klarer å halde utgiftene nede.

2018 var og prega av arbeidet mot NAV Innlandet som vi vart ein del av frå 01.01.2019.

Når det gjeld føringar og mål frå kommunen, utover det som er kome sentralt gjennom virksomhetsplanen for 2018, har vi ikkje fått noko.



Område Teknisk osb.

Område omfattar tenestene tekniske tenester, landbrukskontor for Vågå og Sel, innkjøpskontor og skatteoppkrevjarkontor.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik i %
Økonomi – som vedteke i skjema 1 B	28.542.000	28.615.246	0,2%

Landbrukskontor

Namn på leiar: Per-Ivar Weydahl

Talet på årsverk: 7, samt ei i arbeidstrening

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	-3,2%
Sjukefråvær	3%	7,1%

Tilsette:

Per Ekre, skogbruksjef i Vågå, Lom og Skjåk (40/30/30)

Jan Teigen, skogbruksjef i Sel (60 %)

Per-Ivar Weydahl, landbruksjef

Kjersti Reksen, landbruksrådgjevar

Bjørn Tore Karlstad, fagkonsulent (40 % p.t.)

Kjell Hølmo, landbruksrådgjevar

Ola Lusæter, landbruksvikar

Ivar Ulsand, landbruksvikar

Iris Dalseg, Arbeidstrening 4 timer 4 dagar i veka

Ansvarsområde/aktivitetar for ansvarsområde Landbruk (400-499)

- Skogbruk i Sel, Vågå, Lom og Skjåk
- Jordbruk, Sel og Vågå
- Sal av tenester til Lom på jordbruksområdet, 20 % stilling i 2018

- Ansvarleg for klinisk veterinærkakt i Sel og Vågå
- Ansvarleg for to landbruksvikarar i Sel og Vågå (sjølve landbruksvikartenesta er Vågå Avløysarlag sitt ansvar)
- Fjellandbruk er framtid, fase I og II, tidsavgrensa satsing på auka matproduksjon i Sel og Vågå (2016-2018).

Økonomi - Netttotal for tre utvalde tenesteområde :

Landbruksvikarane

Tenesta har ein nettokostnad på kr. 125 000. Budsjettert kostnad var kr. 134 000.

Klinisk veterinærkakt



Det er forventa at tenesta ikkje skal vere ein kostnad for kommunen. Det vart ein kostnad på kr. 4 000

Landbrukskontoret for Sel og Vågå


Kostnadane delast likt mellom Sel og Vågå. Det vart ein nettokostnad på kr. 1 788 744. Budsjettert kostnad var kr. 1 832 000. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at kontoret fekk tildelt skjønnsmidlar, kr. 50 000, i samband med ekstra mykje arbeid knytt til søknadar om tilskott ved avlingssvikt. Det skuldast og at kontoret i 2018 har hatt ein medarbeidar med redusert arbeidstid (60 % reduksjon).


Nøkkeltal:


Tal frå produksjonstilskottet syner at tal brukarar går noko ned. Produksjonen held seg likevel brukbart stabilt, sjølv med noko variasjon mellom dyreslag mv. Dette skuldast auka storleik på enkeltbesetningane. Auka avdrått pr. mjølkeku i robotfjøs spelar også noko inn i mjølkeproduksjonen, og vi har etter kvart fått ammekubesetningar som er over den første etableringsfasa og har komme i større produksjon.



Ein del produsentar i Vågå driv areal i Sel, som blir registrert som areal i Vågå i produksjonstilskottsamanheng







LANDBRUKSVIKARORDNINGA

Oppdragsstatistikk landbruksvikar i 2018

TOTALT BEGGE VIKARER, Tal dagar					
Sjukdom	Ikke oppdrag	Anna	Sjuk l.vikar	Permisjon	Avspasering
319	0	53,5	67	13	6

Når vikarane ikkje har oppdrag møter dei på reinseanlegget i Vågå og får oppdrag i regi av teknisk sektor. I 2018 var alle oppdraga relatert til avløysing i landbruket.

Landbruksfondsstatistikk

I Vågå vart det gjeve ei ekstra løyving på kr 250 000 i 2018 slik at total løyving i 2018 vart kr. 500 000,-

Det vart i 2018 innvilga tilskott frå landbruksfondet på tilsaman kr. 523 964,-

VÅGÅ	INNVILGA SAKER 2018	LØYVD BELØP
Nydyrkning	10	251 250
Vatning	2	60 000
Grøfting	7	38 820
Ombygging driftsbygning	2	60 000
Ungskogpleie	5	30 494
Skogsvegar	2	31 400
Drift i bratt terrenge - taubane	1	25 000
Drift i mellomvanskeleg terrenge	1	17 000

I Sel vart det innvilga tilskott på tilsaman kr. 386 280,-

SEL	INNVILGA SAKER 2018	LØYVD BELØP
Nydyrkning	4	102 300
Vatning	0	0
Grøfting	2	19 000
Ombygging driftsbygning	1	30 000
Ungskogpleie	15	11 5500
Skogsvegar		74 110
Drift i bratt terrenge - taubane	1	19 920
Drift i mellomvanskeleg terrenge	1	20 000
1. gongs tynning	1	5 450

SKOGBRUKSAKTIVITET I VÅGÅ 2018

Avverking	Privat	Almenning	Sum m³	2017
Innmålt m³	5 525	1 930	7 455	12 291

Skogkulturarbeid	Eining	Mengde	2017
Markberedning	daa	-	-
Nyplanting	stk	48 900	8100
Suppleringsplanting	stk	-	-
Ungskogpleie/rydding	daa	209	120
Gjødsling	daa	21	-

SKOGBRUKSAKTIVITET I SEL 2018

Avverking			Sum m³	2017
Innmålt m³			17 975	16 374

Skogkulturarbeid	Eining	Mengde	2017
Markberedning	daa	-	333
Nyplanting	stk	35 510	44 700
Suppleringsplanting	stk	1 000	-
Ungskogpleie/rydding	daa	768	
Gjødsling	daa	-	-

SMIL- Spesielle miljøtiltak i jordbruket 2018

		Vågå		Sel	
Tiltak 2018	Tiltak, antall	Tilsagn, kr	Tiltak, antall	Tilsagn, kr	
Gamal kulturmark	13	288 000	10	235 000	
Verneverdige bygningar	6	380 000	4	225 000	
Hydrotekniske anlegg			1	30 000	
Sum	19	668 000	15	490 000	

		Vågå	Sel
Tiltak 2018	Einingar		
I nasjonalt verdifullt kulturlandskap	Tal tiltak	1	7
I seterlandschap	Tal tiltak	13	8
Rydding av kulturmark	daa	61	55
Gjerding	meter	7 950	9 115
Verneverdige bygningar	Tal	6	4

BU-midler 2018:

Tradisjonelt landbruk:

I 2018 vart det søkt om og innvilga BU- tilskott til tre ammekufjøs i Vågå.

Samla kostnadsoverslag var 5.000.000kr. Løyvd tilskott var i alt 825.000 kr. Tilskottprosent varierte frå 12 % til 25%.

I Sel kommune var det ein tilsvarande sak. Kostnad var 2,7 mill kr. Tilskott 500.000. Tilskottprosent 18,5%.

Tilleggsnæring:

I Sel kommune var søkt og innvilga tilskott til ein mindre bedriftsutviklingssak. Kostnad på 36.000 kr, og tilskott 18.000 kr.

Tilsvarande for Vågå – ein bedriftsutviklingssak med kostnadsramme på 200.000 kr fekk løyvd tilskott på 100.000 kr.

Spesielle hendingar:

Avlingsskade 2018

Denne sommaren var det ekstrem tørke.

Nedbøren kom ikkje før i august, og varmen og tørken ga til dels store reduksjonar i avlingane.

Hardest råka var gardar som ikkje hadde moglegheiter til vatning; d.v.s der det ikkje er vatningsanlegg og der vasskildene tørka bort.

Landbrukskontoret for Sel og Vågå handsama 191 søknader om avlingsskade, hhv 102 saker i Sel og 89 saker i Vågå.

I alt vart utbetalt 20,8 mill kr i avlingsskadeerstatning, fordelt slik:

Søknader om avlingsskadeerstatning i Sel kommune:

Type saker:	Grovfôr med husdyr	Grovfôr, salsproduksjon	Korn	SUM
Tal saker i alt:	74	20	8	102

Tal saker innvilga tilskott:	74	19	7	100
Utbetalt erstatning, kr:	13.675.241	537.642	198.930	14.411.813
Utbetalt i gjennomsnitt pr. innvilga sak, kr:	184.800	28.297	28.419	

Søknader om avlingsskadeerstatning i Vågå kommune:

Type saker:	Grovfôr med husdyr	Grovfôr, salsproduksjon	Korn	SUM
Tal saker i alt:	80	5	4	89
tal saker innvilga tilskott:	72	3	4	79
Utbetalt erstatning, kr:	6.340.008	49.603	26.092	6.415.703
Utbetalt i gjennomsnitt pr. innvilga sak, kr:	88.056	16.534	6.523	

Tekniske tenester

Namn på leiar: Pål Inge Sanden

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (minus = mindreforbruk)	0%	1,7%
Sjukefråvær	4%	1,5%

Sektor for tekniske tenester yter service til heile kommunen i form av varer og tenester. Drift og vedlikehald av vegar, bygg eller kommunale grøntområde er viktig for å kunne yte gode tenester og for at det skal bli triveleg for innbyggjarane og dei tilsette i kommunen. Sektoren skal legge til rette for at folk flest får utført bygg- og anleggsarbeid i samsvar med lover og forskrifter.

Tekniske tenester - plan og miljø

Hovudarbeidsoppgåver innan planområdet har vore oppfølging av reguleringsplanprosessar, behandling av dispensasjonssaker og slutføring av kulturminneplan. Innan miljøområdet har det vore oppgåver knytt til vassdrag, viltforvaltning, forvaltning av verneområde, behandling av motorferdselssaker og inngrepssaker. Den eine plan- og miljøstillinga har vore vakant i 2018.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Detaljregulering for Maurvangen vest for Mola vart godkjent. Det har elles vore følgd opp ulike private planinitiativ og reguleringsplanar i ulike planstadium.

Det vart behandla 10 dispensasjonssøknader frå plan, og 8 av desse vart innvilga.

Det vart behandla 12 motorferdselssøknader, og 11 av desse vart innvilga med slik fordeling: 4 løyve for bruk av snøskuter, 6 løyve for barmarkskjøring, 1 løyve for helikopter.

Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad vart godkjent.

Det har vore arbeidd med utfordringar knytt til opprydding etter flomhendinga i Ottavassdraget 14. oktober 2018 med store mengder glasopor som ligg langs Vågåvatnet og nedstrøms.

Framtidige utfordringar

Oppfølging av krav knytt til planlegging og bygging i aktsemdområde og ulike faresoner for flom og skred er ei utfordring både i plan og bygesak. Problematikken knytt til skred- og flomfare er generelt ressurskrevjande for kommunen og har konsekvensar for avklaring av ny arealbruk, og vidareutvikling av eksisterande arealbruk. Det vil vere ei utfordring å ha nok ressursar til å løyse planoppgåvene som går fram av planstrategien.

Oppfølging av saka knytt til fjerning av glasopor langs Vågåvatnet og vassdraget nedstrøms kan bli ei utfordrande sak for kommunen.

Tekniske tenester – kommunale veger og gater

Fokusområder arbeidsoppgåver:

Vågå kommune har ca. 85 km kommunal veg. Vedlikehaldet av dei kommunale vegane er sett bort gjennom anbodskonkurranse og står ved lag fram til 2019 .

Veg har utan om dette oppfølging av bruer, diverse trafikktryggleikstiltak, drift av bomvegar, gateljos osv.

Skogen Entreprenør AS har drifts- og vedlikehaldskontrakt med funksjonsansvar på dei kommunale vegane om sommaren mens vintervedlikehaldet er delegert Even Sveen maskinservice, og Kristian Gården og Sønner AS, alle lokale entreprenørar.

Investering/hendingar 2018

- Den kommunale vegen Skjervesida vart oppgradert med nytt bærelag og grusdekke, nye stikkrenner, breddeutviding, nye autovern, stikkrenner og grøfter.
- I samband med AS Eidefoss si framføring av overføringskabel frå Rosten- Statnett vart delar av Øygardsvegen reASFaltert og det vart skifta autovern. Samstundes vart også Kvernvegen reASFaltert.
- Det vart lagt slitelag med asfalt på ekstra därlege vegar i sentrum.
- I 2018 var det mykje nedbør i form av snø, mykje av denne snøen måtte køyrast bort frå sentrum med påfølgjande kostnader.

Utfordringar:

Det er gjort politisk vedtak om at alle dei kommunale vegane i Vågå skal **vurderast privatiserast**. Etter sumaren 2019 går alle driftskontraktane på communal veg ut, dette gjer det utfordrande å lyse ut ny kontrakt da det er vanskeleg å definere størrelsen på oppdraget.

Tekniske tenester - kart og oppmåling

Talet på årsverk: 1

Ingeniør kart- og oppmåling har utført arbeidsoppgåver for Skjåk og Vågå kommune.

I 2018 er det behandla 81 saker etter matrikkellova, dei fleste sakene er nye og nokon er gamle. Dei fleste sakene er gjennomført innan tidsfristen i matrikkellova. Dei få sakene som ikkje er utført innan fristen er stort sett etter avtale med dei involverte.

Sakene fordeler seg slik.

Klarlegging av grense	Frådeling	Grensejustering	Arealoverføring	Samanføyning	Registreringsbrev	Retting i matrikkelen – Kartverket – Jordskifтерetten – Statskog SF
6	37	1	5	19	7	6

Det er behandla 106 egen erklæringar om konsesjonsforhold etter konsesjonslova av 29.11.2003.

Alle vedtekne adresse namn er innrapportert til SSR (Sentral stadnamnregister) og Stadnamntenesta i Språkrådet.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Regjeringa får ikkje i gjennom på Stortinget at eigedomsoppmåling skal privatiserast.

Nytt GNSS utstyr vart teke i bruk, noko som lettar arbeidet, da spesielt ventetida på korreksjonsdata er mindre. Mobil oppmåling på nettbrett vart teke i bruk, noko som gjer at etterarbeidt blir mindre.

Framtidige utfordringar

Utfordring ved val av nytt arkivsystem som må samhandle med systema vi brukar i dag.

Tekniske tenester - kommunale eigedomar

Vågå kommune sin eigedomsavdeling består av:

- 1 ingeniør (1,0 årsverk) – tenesteleiar med ansvar for budsjett og økonomi, samt driftsansvar for avdelinga
- 1 ingeniørar (0,3 årsverk nyttast mot eigedom) med ansvar for prosjekt- og byggeleiing av investeringsprosjekt.
- Vaktmeisterteam med 6,6 årsverk fordelt på 7 vaktmeistrar med leiande vaktmeister. Ein av vaktmesterane har hovudansvar med oppfølging av sysselsettingsgruppa.
- Reinhaldsteam med 15,8 årsverk fordelt på 22 reinhaldarar med leiande reinhaldar.
- Totalt tal på tilsette: 31 inkl. leiar for avdelinga.

Vågå kommune sin eigedomsavdeling har ansvar for:

- FDVUS - Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av kommunens eigedomar
- Reinhald av alle kommunale formålsbygg
- Projektutvikling og byggherrefunksjonen for kommunen
- Eigedomsutvikling inkl. kjøp og sal av kommunal eigedom
- Disponibelt areal vel 33.500 kvm
- Investeringsprosjekt i ulike fasar

- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens park-/grøntanlegg på om lag 50 dekar

I tillegg til Vågå kommune sine eideomar, har eideomsavdelinga administrativt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Kolbottvegen sameige på Lalm. samla eideomsmassen er på vel 33.500 kvm. Areala fordeler seg på følgjande byggkategoriar:

Type bygg	Kvadratmeter	
Skule- og barnehagebygg (skule)	6 800	
Skule- og barnehagebygg (barnehage)	1 314	
Helse- og omsorgsbygg (inkl. omsorgsbustadar)	8 943	Vågåheimen, helsesenter og 25 omsorgsb.
Administrasjonsbygg	3 000	
Idrettsbygg	1 900	
Kulturbypgg	3 730	
Utleigebustader	2 240	30 einingar
Trygdebustader	2 555	35 einingar
Andre bygg	3 105	
Sum	33 587	

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelp til kyrkja, flyktningtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelp til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grøntareal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar pr. år.

Prosjekt som sektoren hadde ansvaret for i 2018:

- Div. mindre prosjekt;
 - Sal av kommunal bustad i steinråket.
 - Vågå Ungdomsskule. Utført brannsikringstiltak med nytt brannskille i trapp frå korridor i 1. etg. opp til klasserom i 2. etg.
 - Ullinsvin. Masseutskifting og asfaltering. Omlegging av avløpsledning.
 - Symjehallen. Det er gjennomført ei kost/nyttevurdering av symjehallen, der det vart vurdert rehabilitering opp mot nybygg. På bakgrunn av dette er det vedteke bygging av ny symjehall.
 - Beising av Finntunet.
 - Montering av utvendige søppelboder.
 - Renovering av 2 trygdebustadar.

Utfordringar

Eit betydeleg vedlikehaldsetterslep gjev eit stort behov for kommande investeringar og rehabiliteringar av den kommunale bygningsmasse.

Tilstrekkeleg oppfølging i henhold til krav bla. i internforskrifta er og ei utfordring.

Utarbeidd enøk rapport må følgjast opp gjennom innspel til investering- og rehabiliteringstiltak ved aktuelle kommunale bygg. Dette med mål om innsparing innan energibruk.

Bustadar tilpassa -og med ein beliggenheit som møter dagens krav er noko som må takast tak i.

Satsingsområde:

Styringssystem innan eideom.

Innføring av IK Bygg.

Deler av internkontroll/FDV-systemet, IK Bygg er teken i bruk. Bruken vert utvida i 2019, og vil vera til god hjelp innan drift, vedlikehald, brannvernarbeid og utleige.

Tekniske tenester - byggesak

Hovudmålet for tenesta er å legge til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med høg kvalitet. Den 01.07.2015 vart fleire mindre byggetiltak friteke for søknadsplikt. Dette har tydeleg bidrege til mindre byggesaker.

I 2018 vart det behandla totalt 201 saker innanfor området. Fordeling av ulike saker går fram av tabellen nedanfor:

År	2018	2017	2016	2015	2014
Byggesaker	94	96	109	127	130
Frådelingssaker	19	9	13	18	11
Utsleppssaker	11	10	11	8	7
Andre saker, div. (disp, ferdigattester, IG ol.)	77	57	52	14	16
Totalt	201	172	185	167	164

Saksbehandlingstida for byggesaker held seg godt innanfor dei lovfesta tidsfristane. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 12 vekers frist: 17 kalenderdagar

Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 3 vekers frist: 11 kalenderdagar

Tekniske tenester - tilsyn i byggesaker

Kommunane Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk samarbeider om tilsynsteneste i byggesak, gjennom vertskommuneavtale gjeldande frå og med 2014, der Vågå er vertskommune og dei fire andre kommunane er samarbeidskommunar.

Tilsyna blir gjennomført i samsvar med ”Rutinar for tilsyn i byggesak”, jfr. pkt. 4 i Vertskommuneavtala.

Overordna mål for tilsynstenesta er i fyrste rekke å sjå til at byggetiltak i kommunane blir gjennomført i samsvar med Plan –og bygningslova (Pbl) og gjevne løyve. Kommunen skal føre tilsyn i slik omfang at den kan avdekke regelbrot. Kommunen skal også føre tilsyn med særskilte forhold etter nærmare forskrift frå departementet (Pbl § 25-1).

Det har i 2018 vore gjennomført 29 tilsyn i dei 5 kommunane til saman. 7 av desse tilsyna er utført i Vågå kommune. Dette samsvarar med målet som var sett for utføring av tilsyn i 2017.

Utfallet av tilsyna er klassifisert i høve til tabellen under:

Nivå:	Konklusjon:	Tillitsforhold:	Rapportering:
1	Ingen/ubetydeleg svikt i kontroll er registrert	Tilliten til føretaket er fullt ut bekrefta	Ingen
2	Det er registrert svikt i kontrollen, men ikkje vurdert som vesentleg	Føretaket har fortsatt myndigheites tillit	Åtvaring/merknad(er) registrert. Kopi til DIBK
3	Det er registrert vesentleg svikt i kontrollen	Tilliten til føretaket er svekka	Varsel om eventuelle sanksjoner. Kopi til DIBK

- 2 av føretaka har fått nivå 1
- 5 av tilsyna er ikkje nivåsett.
- Det er gjeve merknader i 2 av tilsyna som er utført

Framtidige utfordringar:

- Utfordringane framover vil være å ivareta omsynet til faresoner og flomsoner (jord og flomskred, snøskred, steinsprang, flom). Dette krev ekstra ressursar/tid både på plan- og byggesakssida.

Tekniske tenester - Vågå brannvesen

Talet på årsverk:	Brannsjef	20%
	Feiar	20%
	Brannmester	100%
	Varabrannsjef	20%
	Brannkonstablar	13stk gangar 1,75 %

Rekneskapen syner eit meirforbruk på kr 128.281,- i forhold til budsjett.

Hovudårsaker til meirforbruket er bla. : ekstra utg. ca. kr. 62.000,- drift 110-sentral Innlandet. ca. kr. 66.000,- lønsutgifter utrykkingar.

Summaren 2018 var veldig tørr. Brukte mykje ressursar på førebyggande arbeid under denne perioden. Hausten 2018 vart vi råka av flom. Vi vart brukte mykje under sjølve flommen og mykje under arbeidet med Glasopor opptaking på Vågå vatnet. Det vart også brukt mykje ressursar under linjebrotet i Ottadalen.

Det har i 2018 vore 3 brannar i bygningar. Og ein større skogbrann. Desse krev store ressursar både under slokking og vakthold etter at sløkkeinnsatsen er over.

2018 viser også att den totale oppdragsmengda aukar, ut i frå tabellen antal utrykkingar så har Bistand helse/ ambulanseoppdrag auka drastisk.

Framtidige utfordringar

Brannsjefen er oppteken av att ein må få større fagmiljø og styrke kvaliteten på tenestene, oppnå mindre sårbarheit ved sjukdom og fråvær og sikre likebehandling av tenester til innbyggjarane i regionen.

Brannsjefen vil sterkt tilrå att det blir etablert eit større og meir robust brannvesen saman med nabo kommunar i nær framtid.

Som man ser på «spesielle hendingar i 2018» så er det fleire hendingar som går på naturhendingar som brannvesenet blir brukt på og som er ressurskrevjande.

Tekniske tenester - vatn, avlaup, renovasjon og septik

Vatn og avlaup

Vatn og avlaup er sjølvkost område der gebyra skal dekke kostnaden med drifta av tenesta.

Økonomien i sjølvkost området må sjåast på over ei periode på tre til fem år.

Ved slutten av 2018 var sjølvkost fond for vatn negativt på 747 813.- og avløp negativt på 303 521.-

Dekningsgraden var på 81,6 % på vatn og 81,4 % på avløp.

Gebyra for 2019 vart sett opp.

Ei normal vinter gjorde at det vart få problem på både vatn og kloakk i løpet av 2018.

Mattilsynet har gjennomført tilsyn med vassverka våre. Dette resulterte i mindre avvik som nå er lukka. Vi laut opp gradere og byta ut fleire UV-anlegg.

Vass kvalitet ved dei ulike vassverka syner verdiar godt innanfor krava nær som Skogbygda der vi har for høge verdiar med nikkel. Der har vi ein dialog med Mattilsynet for vidare nødvendige tiltak.

Vassverket på Lalm har behov for større opp graderingar for å imøtekoma Mattilsynet sine krav.

På avlaup har vi også utsleppsverdiar godt innanfor krava og elles ingen store drifts problem. Vi har fått ei stor utfordring med levering av slam. Myrmoen vart stengd frå nyttår og vi lyt køyre slammet vårt til Vestnes. Dette fører til at det vært naudsynt å gjennomføra opp graderingar på reinseanlegget.

Vi starta i 2018 fyrste del av vedteke tiltaksplan for Vågå sentrum med rehabilitering av Nedre Langskåre og samankopling av leidningsnette mellom Langskåre og Kvernvegen under Finna. Prosjektet har gått etter planen.

Renovasjon

NGR jobbar stadig for å forbetre seg og levere gode renovasjonstenester til beboarar i Vågå kommune. Ved utgangen av 2018 er sjølvkost fondet positivt med 359 715.-

Dekningsgraden var på 82,3 %

Vågå kommune har føreteke opp graderingar av innsamlingspunkt for avfall frå hyttar og setrer slik at ein kan sortere meir og auka kapasiteten på ein del plassar. Like eins har ein forsøkt gjera innsamlingspunkt noko meir visuelt innbydande.

Alle husstandar i Vågå har fått utlevert behaldarar for papir i løpet av året.

NGR har no teke over renovasjon etter att nåverande avtale med underentreprenørar var over i mars 2018.

Vi starta med utsortering av hus haldnings plast som ny teneste i 2018.

Gebyra for 2019 vart justert opp lik prisauken frå NGR.

Septik

Frå og med.2013 har det vore Miljøservice AS på Stryn som leverer septiktenester i Vågå kommune. Septik er eit eige sjølvkost område der inntektene skal dekke kostnaden med innsamling, kontroll av infiltrasjonsanlegg og behandling av septik. Sjølvkost fond var positivt ved utgangen av 2018 med 1 050 077.-

Deknings graden var på 112,1 %

Behandling av av-vatna slam har vore sendt til Myrmoen på Sel til godkjent mottak der. Dette vart også stengd frå nyttår og skapar store utfordringar for kommunen. Etter 5 år med Miljøservice AS er Vågå kommune svært tilfreds. Dei har vore pålitelege, tømmer etter oppsett plan og har vore ein svært ryddige leverandør. Kontrakta deira går ut i 2019 og kommunen lyser ut nytt anbod på denne tenesta .

Felles innkjøpskontor for Nord-Gudbrandsdalen

Namn på leiar: Erik Lindseth

Talet på årsverk: 2

Økonomi

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-59,7%

Innkjøpskontoret var budsjettet for heile året, og med to tilsette. Stillingane vart tilsett frå henholdsvis 1. mai og 1. desember, noko som fører til innsparing på kr. 0,16 mill. av ei total rame på kr. 0,27 mill.

Spesielle hendingar i 2018 verdt å nemne

Felles innkjøpskontor for Nord-Gudbrandsdalen med Vågå som vertskommune blei etablert 2018. Leiar av innkjøpskontoret kom på plass mai og innkjøpskonsulent frå desember.

2018 har vore prega av nybrotsarbeid, oppklaring av roller, grensesnitt og arbeidsfordeling. I oppstarta har fokus vore dialog og samarbeid med kommunane og leverandørar.

Leiar av kontoret har overteke fagråd innkjøp si rolle ovanfor Odin Prosjekt AS. Kontoret har delteke på leiarmøter, næringspubar, frukostmøter og politiske møte. Kontoret har støtta innkjøpsansvarlege med gjennomføring av anskaffingar og leverandøroppfølging. Visma TendSign er valt som vårt system for konkurransegjennomføringsverktøy og frå hausten 2018 blei ein elektronisk avtalekatalog tilgjengeleg for alle tilsette.

Framtidige utfordringar

Fyrste halvdel av 2019 vil framleis vere prega av etablering. Når avtala med Odin Prosjekt utløper 31.05.19 vil kontoret gå over til å bli meir driftsprega med etablering av avtalar. Innan 18 månader må konkurranse gjennomføras på 21 av dei totalt 38 avtalane i porteføljen for å halde dagens avtalenivå ved lag

Skatteoppkrevjarkontoret

Namn på leiar: Svein Morten Haverstad

Talet på årsverk: 4

Nøkkeltal	Mål	2018
Økonomi – avvik i forhold til budsjett (<i>minus = mindreforbruk</i>)	0%	-17%

Ein har ved skatteoppkrevjarkontoret hatt fokus på dei resultatkrava som Skatt Øst set til kontoret. Ein har til tross for vakanse i stilling på skatteoppkrevjarkontoret stort sett nådd dei krava som Skatt Øst fastsette på innkrevjing av dei forskjellige skatteartane.

Der ein ikkje nådde kravet så var det små avvik (0,01 – 0,04%), med unntak av restskatt for 2017 som ligg 6,64% under krav frå Skatt Øst. Her er det ein skatteytar som står for ca. 50% av restansen der vi har teke pant i fast eigedom.

Arbeidsgjevarkontrollen har eit resultatkrav på 5% samla for alle kommunane i samarbeidet. I Vågå vart 3,8% av dei som leverer A-melding kontrollert i 2018, mens gjennomsnittet for alle 6 kommunar er 5%.

Skatteoppkrevjarkontoret har frå 1 februar til 1 oktober 2018 hatt vakanse i stilling på skatteområdet. Det er alltid ei utfordring å få nye tilsette når det gjelder opplæring og tilpassing til arbeidsoppgåvene. Den som vart tilsett i denne stillingane har teke dei nye oppgåvene greitt.

I og med at ein hadde vakanse på skatteområdet i 2018 så har ein i rekneskapen kome under budsjetterte kostnader.

Skatteoppkrevjar og arbeidsgjevarkontrollen har minimalt med fråvær som gjeld sjukdom.

Kontoret tok over kommunal innkrevjing for Sel frå og med 01.05.2017, og gjennom 2018 har ein brukt 50% av ressursen ved skatteoppkrevjarkontoret til denne oppgåva.

Skatteoppkrevjarkontoret har no 150% stilling innafor skatteområdet og 50% stilling på communal innkrevjing.

Arbeidsgjevarkontrollen har for 2018 hatt full bemanning med 2 X 100% stilling fordelt på dei 6 kommunane i samarbeidet.

Interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune


Årsmeldingar for dei interkommunale samarbeidsområda blir lagt fram som eigne referatsakar i kommunestyret.

Vedlegg 1 – Økonomiske hovedtal

Oppsummering av rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2018 er avgjort med eit mindreforbruk på 3,7 mill. kroner. Dette har samanheng med meir skatteinntekter enn budsjettet, samt andre mindre innsparingar.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.




Handlingsreglar

Handlingsreglane til Vågå kommune vart revidert saman med vedtak om økonomiplan 2017-2020 (KS 83/16). Vågå kommune har nå følgjande reglar:

Korrigert netto driftsresultat

Handlingsregel 1: Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter


	2017	2018
Netto driftsresultat	5 322 357	-886 156
Premieavvik	2 847 102	5 590 238
Attendeført premieavvik	-3 044 540	-3 024 821
Avsetning til bundne fond	3 139 611	3 062 210
Bruk av bundne fond	-10 974 646	-6 409 854
Korrigert netto driftsresultat	-2 710 116	-1 668 382
Brutto driftsinntekter	-339 558 383	-345 539 433
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-1,6 %	0,3 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,8 %	0,5 %



Disposisjonsfond

Handlingsregel 2: Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter

	2017	2018
Disposisjonsfond	-33 479 245	-34 753 061
Brutto driftsinntekter	-339 558 383	-345 539 433
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	9,9 %	10,1 %




Det er tilrådd frå fylkesmannen at disposisjonsfond bør utgjere 8 % av sum driftsinntekter for å ha tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar. Da kommunen nærma seg dette målet, vart det i økonomiplan for 2017-2020 vedteke å auke handlingsregelen til 12%.

Disposisjonsfond samla er på kr. 34,7 mill. Av disposisjonsfondet utgjer pensjonsfondet kr. 18 mill., som skal dekke framtidig pensjonskostnad (premieavvik). Akkumulert premieavvik, inklusiv arbeidsgjevaravgift, kommer til utgift de neste åra med kr. 18,7 mill.

Lånegjeld

Handlingsregel 3: Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter

	2017	2018
Langsiktig gjeld:		
Utlån	345 752 758	349 631 043
Ubrukte lån	60 152 956	62 903 799
Nto.lånegjeld	11 865 136	9 932 378
	273 734 667	276 794 866
 Lån til sjølvkost	 63 973 269	 73 503 285
	209 761 398	203 291 581
 Brutto driftsinntekter	 339 558 383	 345 539 433
Lånegjeld med fråtrekk i % av brutto driftsinntekter	61,8 %	58,8 %



Økonomiske hovudtal

Vågå kommune fører rekneskapen etter anordningsprinsippet som gjeld i kommunal sektor. Det betyr at all tilgang og bruk av middel i løpet av året i kommunen si verksemde skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån osb. og dessutan korleis desse er finansiert.

Hovudtal frå driftsrekneskapen ser slik ut

Økonomisk oversikt - drift

	R-2018	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	R-2017
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	10 545 583,40	10 693 000	10 540 000	11 028 375
Andre salgs- og leieinntekter	40 251 543,66	38 276 000	36 537 000	36 614 164
Overføringer med krav til motytelse	39 976 985,70	40 209 000	24 057 000	37 510 306
Rammetilskudd	137 879 141,00	145 177 000	144 582 000	148 417 350
Andre statlige overføringer	12 450 329,64	12 672 000	13 388 000	13 359 372
Andre overføringer	669 063,00	632 000	449 000	2 301 978
Skatt på inntekt og formue	85 541 896,22	75 400 000	78 058 000	73 202 471
Eiendomsskatt	14 775 850,36	14 653 000	13 153 000	13 688 507
Andre direkte og indirekte skatter	3 449 040,00	3 449 000	780 000	3 435 860
Sum driftsinntekter	345 539 432,98	341 161 000	321 544 000	339 558 383
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	187 265 286,71	186 348 000	179 422 000	186 411 857
Sosiale utgifter	36 024 768,00	38 560 000	32 914 000	35 708 947
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	47 260 152,71	45 990 000	38 911 000	54 513 989
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	39 843 129,69	38 790 000	34 250 000	35 436 362
Overføringer	22 867 920,16	22 397 000	13 431 000	20 864 855
Avskrivninger	20 717 650,68	20 640 000	18 657 000	20 695 386
Fordelte utgifter	-4 092 407,21	-3 941 000	-495 000	-4 094 206
Sum driftsutgifter	349 886 500,74	348 784 000	317 090 000	349 537 191
Brutto driftsresultat	-4 347 067,76	-7 623 000	4 454 000	-9 978 808
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	5 613 047,07	6 225 000	5 884 000	6 167 006
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	46 350,00	46 000	-	103 591
Sum eksterne finansinntekter	5 659 397,07	6 271 000	5 884 000	6 270 596
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	6 557 552,48	7 389 000	7 389 000	6 457 010
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	14 499 395,00	14 650 000	16 300 000	15 714 442

Utlån	86 877,00	87 000	-	138 079
Sum eksterne finansutgifter	21 143 824,48	22 126 000	23 689 000	22 309 531
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-15 484 427,41	-15 855 000	-17 805 000	-16 038 935
Motpost avskrivninger	20 717 650,68	20 640 000	18 657 000	20 695 386
Netto driftsresultat	886 155,51	-2 838 000	5 306 000	-5 322 357
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3 230 459,12	3 230 000	-	8 034 172
Bruk av disposisjonsfond	4 528 060,04	4 528 000	2 554 000	3 027 862
Bruk av bundne fond	6 409 853,96	6 410 000	2 743 000	10 974 646
Sum bruk av avsetninger	14 168 373,12	14 168 000	5 297 000	22 036 681
Overført til investeringsregnskapet	1 142 196,00	1 142 000	1 080 000	1 039 081
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	7 125 876,08	7 125 000	7 989 000	9 305 172
Avsatt til bundne fond	3 062 210,08	3 063 000	1 534 000	3 139 611
Sum avsetninger	11 330 282,16	11 330 000	10 603 000	13 483 865
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	3 724 246,47	-	-	3 230 459

I rekneskapsoppstillinga for kommunesektoren blir det nytta fleire resultatomgrep. Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av den ordinære drifta inklusive kapitalkostnader (avskrivingar), men eksklusive finansutgifter og finansinntekter. Avskrivingar, som er eit uttrykk for verdiredusjon på kommunale anleggsmidlar, skal førast i driftsrekneskapen, men blir teken ut før netto driftsresultat blir fastsett. Brutto driftsresultat skal som hovudregel minst kunne finansiere utgifter til renter og avdrag.

Netto driftsresultat viser resultat etter finanspostar. Netto driftsresultat seier oss kva kommunen har igjen etter at alle driftsutgiftene er betalte.

Vågå kommune sin rekneskap for 2018 viser eit positivt *netto driftsresultat* på kr 0,9 mill. kroner. I Korrigert for bundne fond og premieavvik utgjer netto driftsresultat 0,5% av brutto driftsinntekter, noko som er under vedteken handlingsregel.


Årsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 3.724.246.

